

Norsk Etnologisk Gransking.

Emnenr. 1.

Emne : Ard og plog.

Oppskreve av Ivar A. Streitlien, Tynset.

Hedmark fylke.

Alvdal herad.

Heimelsmann Ola Övergard, Alvdal.

1. Ja.

2. Arden blir ikkje brukt lenger. Den bruktes til potetsetting og til potetopptaing. Til nedmylding av korn vart det bruka hesthorv.

3. Arden vart bruka til å slå opp rader for potetsettinga.

4. Arden var av tre med skjer av jern og ein liten ristill av jern. Arden vart gjort på garden av bygdasmeden.

5. Det er berre gamle folk som minnes at arden var bruka. såleis Martin Flötten f.1859 og John Sörhus f.1872. difor kan ein ikkje gi detaljere opplysningar.

6. Ukjend.

7. Nei, og nei.

8. Ukjend.

9. Nei.

10-12 Ukjend.

13. Det brukes nå berre fabrikklagde plogar. Desse kom i bruk like før dette hundreår. Hågen Ligard, f. 1875 kjøpte mellom 1890 og 1900 ein "Heimdalsplog". Både plogås og armar var av jern. Så seint som i 1932 vart denne plogen bruka til nybrottsplöging med to hestar före. Plogen hadde den föremunen at den ikkje gjekk opp for stein eller röter. Veltefjöla var vridd og skjeret kunne ein ta av og skifte. Ein annan type som vart kalla "Ådalsplogen" hadde ås og armar av tre. Det var mange slike i bygda.

Gardbrukar Hans Ljén f.1873 hadde også frå 1900 ein "bakkeplog" der veltefjöla kunne vendes

slik at ein plögde både fram og attende. Denne plo-
gen var heilt igjennom av jern.

15. Ukjend.

16. Plogen vart helst ikkje velta på veltefjöl-sida. På
den motsatte sida av veltefjöla vart det pålagt ein ~~trekloss~~
trekloss på åsen, men det er ikkje kjend noko sers
namn på denne.

17. Under åsen vart det pålagt ein "moldfot" for
regulering av djupna

18. På større gardar var det vanleg å ha både högre-
plog og venstreplog. På mindre gardar var det all-
tid högreplog, og så kunne dei vera fleire saman
om ein venstreplog. Denne siste var ikkje så van-
vanleg. I hallande lende vil le ein ved å velte fora
utover gong etter gong få ei stor åkerreine nedst,
men ved å plöge "ut og upp" ^(; nedover bakke) kunne ein eit år velte
til högre med högreplogen, og neste år velte fora
attende med venstreplogen.

John Sörhus fortel at Ola Lilletröen f.1844
gjorde mange plogar. Dei var gode og lette og höv-
de godt på steinfri jord. På tyngre jord vart dei
noko spinkle. Lars Berget f.1845 var også ein
flink og mykje nytta plogsmed. ^{plogane} Desse var sterkbygde,
og ristillen var festa til skjeret. Plogen har to
styrearmer.

19. Til vanleg 3-4 tommar. I tung jord vart det som
oftast berre 3 tommar. Klampen under åsen for re-
gulering av djupna vart kalla moldskoen.

20. Som regel var det ristill.

21. Nei.

22. Nei.

23. Ikkje bruka det folk nå veit.

24. Bygdauttalen av plog er plov. Hankjönn.